



Intensjonsavtale

Ny kommune **Balestrand og Høyanger**

Dato: 05.02.2016

Intensjonsavtale – kommunane Balestrand og Høyanger

Vedteke i Balestrand (07.04.2016) og Høyanger (17.03.2016) kommunestyre

Areal: Balestrand 429,84 km² og Høyanger 907,95 km² = **1337,79 km²**

Innbyggjarar pr 01.01.2015: Balestrand 1304 og Høyanger 4169 = **5473**

1. Innleiing

Balestrand og Høyanger kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk solide, og eit styrka lokaldemokrati.

Intensjonsavtalen trer i kraft når begge kommunane har vedtatt likelydande avtalar i sine respektive kommunestyre.

2. Visjon

Stor nok til å levere – nær nok til å bry seg

3. Kommunenamn, kommunevåpen og symbol

Vi er samde om at kommunenamnet vert **Balestrand og Høyanger kommune**, og at det skal lagast eit nytt kommunevåpen.

4. Mål for samanslåinga

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune

Delmåla er å:

- Skape attraktive bu-, arbeids- oppvekst- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Arbeide for kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon
- Ha felles legevakt samt ambulanseberedskap i heile kommunen

5. Samfunnsutvikling

Vi skal satse på landbruk, næringsmiddelindustri, fjordbasert næring, reiseliv, grøn energi og industri.

Vi skal arbeide for positiv folketals- og næringsutvikling i heile kommunen.

Vi vil arbeide for å sikre fortsatt tilbod om vidaregåande i Balestrand og Høyanger.

Vi skal utnytte potensialet «Sognefjorden»

Ei styrkja samfunnsutvikling skal vi oppnå gjennom:

- Å arbeide for betre infrastruktur internt og inn til kommunen ved å styrka ferjetilbodet i regionen, ny bru over Sognefjorden, utbygging av riks- og fylkesveggar i kommunen, styrka kollektivtilbodet, breidbandsutbygging og bruk av IKT.
- Å arbeide for at reisetida mellom tidlegare kommunesenter vert maksimalt 1 time i den nye kommunen.
- Å tilrettelegge for at pendletid til nærliggande bu- og arbeidsområde vert maksimalt 1 time
- Ei samfunnsplanlegging som legg til rette for vekst i heile kommunen.
- Styrkja administrative funksjonar innan nærings- og utviklingsarbeidet, inkl. ei samling av næringsarbeidet og å utvikle ein felles metodikk for nærings- og utviklingsarbeidet.
- Utnytte eit samla næringsfond strategisk i heile kommunen.
- Andre framtidsretta næringar
- Identitetsskapande aktivitetar
- Aktivitetsbasert næringsliv

6. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Arbeide for gode fyrstelinetenester i skular, barnehagar, pleie og omsorg, helse og kulturtilbod. Brukarnære og daglege tenester skal ytast frå der dei er no
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Arbeide for å utvikle handel- og reiselivsnæringa.
- Sikre god kvardagsorganisering med sørvistorg som har nødvendige tenester

Dei eksisterande kommunale oppgåvene vert inndelte i tre kategoriar:

- Oppgåver og tenester som skal løysast/gjevast der dei no er lokaliserte
- Klare rådhusoppgåver i den nye kommunen
- Oppgåver som kan ligge utanfor rådhuset

7. Kommunesenter og funksjonar

Vi er samde om at kommunesenteret vert lagt til Høyanger. Vi legg til grunn at dette på sikt vil tene alle deler av den nye kommunen.

Vi er òg samde om at kommunesenteret minst skal innehalde:

- Ordførar
- Rådmann
Kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef

8. Prinsipp for lokalisering av kommunale tenester

Vi er samde om å ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane.

Vi skal ha brukarnære, daglege tenester der innbyggjarane bur. Lokalisering av desse tenestene vert ikkje endra som følgje av ei samanslåing av dei tre kommunane.

Nokre kommunale tenester er ikkje stadbundne og kan lokaliserast friare i heile kommunen. Ein viser elles til vedlegg om funksjonsfordeling.

9. Prinsipp for styring og organisering

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha brei representasjon, med 27 medlemmer.

Formannskapet skal ha 7 medlemmer.

Vi er samde om at den nye kommunen byggjer på ein utvalsmodell med 3 utval.

Folkevalde skal ha gode arbeidsvilkår.

10. Interkommunale selskap

Dei tre kommunane har eit omfattande interkommunalt samarbeid i dag. Målet er at den nye kommunen sjølv skal utføre flest moglege av desse tenestene og evt. nye oppgåver, jfr. vedlegg om oppgåvefordeling.

Vi er samde om at Fellesnemnda skal foreta ein gjennomgang og revisjon av dagens interkommunale samarbeid for å identifisere kva samarbeid som er naturleg å vidareføre.

11. Økonomi

I åra fram til ei samanslåing skal vi orientere kvarandre gjennom om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Dette gjeld prosjekt med ei kostnadsramme over kr. 1,0 mill., og før prosjekta ev. er vedtatt av kommunestyret. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

12. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.01.2017.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

13. Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og

arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Det betyr at vi vil arbeide for at:

- Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtalige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK
- Kommunen blir ein utviklande og attraktiv arbeidsplass

Det partsamansette utvalet (jfr. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- Harmoniserer ulike reglement (tilsetjingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)
- Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette
- Harmoniserer lønsskilnader over tid.
- Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til overtalige.

14. Fellesnemnda

Det overordna målet for fellesnemnda er å førebu, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere og bygge den nye kommunen.

Fellesnemnda skal bestå av kommunestyrepolitikarar frå kvar kommune, jfr. Inndelingslova § 26;

- Balestrand 3 kommunestyrepolitikarar
- Høyanger 3 kommunestyrepolitikarar

Det skal veljast varamedlemmer frå kvar kommune til fellesnemnda.

Ved utvelging av fellesnemnda skal kommunestyra sikre at kjønnsrepresentasjonen vert ivaretatt.

Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda jfr. Inndelingslova § 26. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarende.

Utarbeidd av:

Rådmann Kjellaug Brekklus og rådmann Arve Varden

Harald Offerdal

Petter Sortland

Ordførar Balestrand

Ordførar Høyanger